



Vik Settefisk AS
Vik
5337 Rong

Rapport frå inspeksjon 19. juni 2013

Rapportnummer: 2013.043.I.FMHO

Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Kristian Steinestø
Ingrid Landro

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Britt Solheim
Sissel Storebø

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 8 avvik og har gitt 2 merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget

Avvika og merknadene er nærare omtala frå side 4 og utover i rapporten.

Vik Settefisk AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. september 2013** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side to.

Britt Solheim e.f.
senioringeniør

Sissel Storebø
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til: Øygarden kommune

1. Informasjon om verksemda

Namn: Vik Settefisk AS	Anleggsnr: 1259.0029.01
Besøksadresse: Vik	
Postadresse: 5337 Rong	
E-post: viksettefisk@gmail.com	Telefon: 468 74 720
Kommune: Øygarden	Organisasjonsnr.: 973 564 366
Bransjenr. (NACE-kode): 03.222	Eigar (org.nr): 987 723 459
Løyve sist oppdatert: 8. januar 1999	Risikoklasse: 4

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir overhalde. Inspeksjonen går inn som ein del av ein lokal aksjon på akvakulturanlegga i Hordaland.

Fylgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar for ytre miljø
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- krav i utsleppsløyve

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda plikter snarast å rette opp avvika som er omtale i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. september 2013 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvika er retta, gjerne med billedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. september 2013, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket om tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varslet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. § forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Verksemnda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemnda er i løyvet plassert i risikoklasse 4. Dette betyr at de skal betale 4500 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- utsleppsløyve til verksemnda
- dokumentasjon som verksemnda la fram under kontrollen

Informasjon om regelverket finn du på www.klif.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik innanfor tema: Miljømål

Avvik frå:

- *Internkontrollforskrifta § 5 pkt. 2,3,4 og 8*

- 1a Det er ikkje sett miljømål for anlegget for kva som er akseptabel forureining av resipienten.
- 1b Leiinga har ikkje evaluert om verksemnda sine miljømål om ikkje å forureine resipienten på ein uakseptabel måte er nådd.
- 1c Miljømåla er ikkje gjort kjent for dei tilsette i verksemnda.

Avvik innanfor tema: Miljørisikovurderingar

Avvik frå:

- *Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6, 7 og 8*
- *Produktkontrollova § 3a*

- 2a Det er ikkje utført miljørisikovurderingar for å førebyggje at anlegget gir uakseptabel forureining av resipienten.
- 2b Verksemda sine risikovurderingar av forureiningsfare og effektar av kjemikaliebruk i resipienten er ikkje konkrete, dokumenterte og / eller anleggs- / lokalitetsspesifikke.
- 2c Verksemda har i si risikovurdering ikkje sett kriterium for kva som er akseptabel forureining frå verksemda for å sikre ein tilfredsstillande tilstand i resipienten.
- 2d Tilrådingar og konklusjonar i risikovurderinga er ikkje følgt opp og lukka og/eller det er ikkje laga ein tidsfesta handlingsplan for oppfølginga.
- 2e Verksemda si risikovurdering er ikkje oppdatert.
- 2f Verksemda har ikkje ein beredskapsplan som omtalar dei hendingane som er omtala i risikovurderinga for ytre miljø, til dømes massedød, akutte utslepp av diesel/olje og andre kjemikal.
- 2g Verksemda har ikkje ei prosedyre for sitt arbeid med risikovurderingar.
- 2h Verksemda manglar dokumentert rutine for substitusjon av kjemikal/legemiddel.

Kommentarar:

Til 2a)

Anlegget må kjenna til risikoen for forureining ved vanleg drift og ved alle arbeidsoperasjonar og uønskete hendingar som kan oppstå på anlegget. Anlegget må også kjenna til kva for kjemikalier og medisin som blir brukte og kva for effekt desse har på miljøet. Ut frå dette kan ein så laga ordningar og rutinar for å minske risikoen for utslepp og forureining, og beredskapsplanar for uønskete hendingar. I arbeidet med risikovurderingar er det viktig å vita kva som er gjort av slike vurderingar og tiltak tidlegare, og alle miljørisikovurderingar skal derfor vera skriftlege.

Til 2b)

Miljørisikovurderinga skal gjelda for anlegget på lokaliteten. Den må munne ut i handlingsplanar og konkrete rutinar som skal følgjast, og desse skal vera skriftlege.

Til 2c)

For å kunne vurdere risikoen er det avgjerande at verksemda har sett konkrete kriterium for kva som er akseptabel forureining etter gjeldande regelverk, eigne miljømål og for å sikre ein god tilstand i resipienten.

Til 2d)

Sjå punkt 2b) ovanfor. Alle handlingsplanar og planar for tiltak skal ha tidsfristar og skal sei kven som er ansvarleg for at dei vert gjennomførde.

Til 2g)

Skal arbeidet med miljørisiko bli utført slik leiinga ynskjer må det finnast skriftlege prosedyrar for det. Slike prosedyrar gjer det også lettare å få alle tilsette med i arbeidet ved at det finst eit felles dokumentgrunnlag for det arbeidet som skal gjerast. Dette er med på å sikra kvaliteten fordi sluttresultatet frå vurderingane er tilgjengelege for alle tilsette.

Til 2h)

Verksemda skal risikovurdere sine kjemikalie, inkludert legemidlar og lusemidlar med tanke på substitusjon til meir miljøvenlege/ mindre helseskadelege alternativ. Dei kjemikalia som har høgast risiko bør vurderast for substitusjon oftare enn meir miljøvennlege alternativ.

Verksemda skal vurdere miljørisikoen ved alle kjemikaliane dei brukar. Dette er til dømes medisinar, lusemiddel, drivstoff m.v. Det er eit krav i produktkontrollova om at alle som brukar kjemikalie med miljørisiko skal vurdere om det finst alternative stoff med mindre. Desse alternativa skal veljast dersom det kan gjerast utan urimeleg ulempe eller kostnad. Dei kjemikalia som har høgast risiko bør vurderast for substitusjon oftare enn meir miljøvennlege alternativ.

Avvik innanfor tema: Resipientgranskingar

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 og 7

- 3a Verksemda har ikkje tilstrekkeleg kunnskap/oversikt over korleis den påverkar resipienten.
- 3b Det er ikkje utført tilfredsstillande miljøgransking som viser korleis settefiskanlegget påverkar tilstanden i resipienten.
- 3c Verksemda har ikkje rutine for å vurdere om motteken dokumentasjon for resipienttilstand held tilstrekkeleg kvalitetsnivå (kvaliteten på MOM B/C).
- 3d Verksemda har ingen rutine for å vurdere om det er behov for resipientgranskingar.

Kommentarar:

Til 3d)

Verksemda har ikkje sett kriterier for når/om det er trong for resipientgranskingar. Skriftlege rutinar skal innehalde kva for endringar ved anlegget eller ytre faktorar, som fører til endring av skadeverknad i resipienten og dermed endring av status. Kriteriene skal vere dokumentert i verksemda sin internkontroll.

Avvik innanfor tema: Leiinga (driftsleiinga)sitt ansvar for ytre miljø

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 4, 5 og 8

- 4a Internkontroll-/HMS-arbeidet for ytre miljø er ikkje etterspurt av leiinga.
- 4b Verksemda har ikkje gjort ei dokumentert vurdering om anlegget sin verknad på resipienten er akseptabel eller ikkje.

Avvik innanfor tema: Drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget

Avvik frå:

- *Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 og 7*
- *Avfallforskrifta kapittel 11*
- *Løyve punkt +++*

- 5a Føringrutinar er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.
- 5b Rutine for dødfiskhandtering er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.
- 5c Rutine for overvaking av botnen under merdane er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.
- 5d Rutine for kjemikal og legemidlar er ikkje dokumentert i verksemda sin internkontroll.
- 5e Verksemda sin rutine for avfallshandtering og lagring av farleg avfall er mangelfull.
- 5f Rutine for drift av reinseanlegg er ikkje nedfelt i verksemda sin internkontroll
- 5g Rutine for utsleppskontroll er ikkje nedfelt i verksemda sin internkontroll
- 5h Det er ikkje dokumentert rutine/system for periodisk/førebyggjande vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr.
- 5i Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: dieseltankar eller andre tankanlegg, inkludert slangar/røyrssystem og anna tilhøyrande utstyr.
- 5j Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: føringssystem/utstyr inkludert slangar og anna tilhøyrande utstyr.
- 5k Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og

vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: utstyr/system for opptak og handtering/mellomlagring av død fisk.

- 5l Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: utsleppsrelaterte alarmer eller anna overvakingsutstyr (t.d. funksjonstesting av slikt utstyr)
- 5m Det er ikkje utført eller føreligg ikkje dokumentasjon frå tilstandskontroll og vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr:
- 5n Det er ikkje utført eller det føreligg ikkje dokumentasjon frå kontroll og vedlikehald av reinseanlegget
- 5o Det er ikkje utført eller det føreligg ikkje dokumentasjon frå kontroll og vedlikehald av slamtanker
- 5p Verksemda har ikkje etablert kriterium for kva som er tilfredstillande tilstand på utsleppsrelatert utstyr.

Kommentarar:

Til 5e)

Farleg avfall vert ikkje deklartert ved levering.

Verksemda skal ha rutinar for handtering av farleg avfall og kjemikal, lagring og deklarerer. Rutinane skal omhandle alle typar avfall som kan oppstå ved anlegget. Dei skal visa korleis desse skal lagrast, merkast, sikrast, deklarerast og leverast til lovleg mottak. Rutinane skal også sikra at farleg avfall vert levert ofte nok.

8. Merknader

Merknad 1: Miljømåla for anlegget er lite konkrete for anlegget.

Kommentarar: Verksemda har sett fleire miljømål, men desse er lite konkrete, for eksempel gjeld dette for førfaktor, avfallsmengde, energibruk og kjemikaliemengde. Verksemda skal ha vurdert kva som er akseptabel forureining og påverknad av resipienten ved drift av anlegget. Ut frå dette skal verksemda setje miljømål som sikrar at drifta ikkje medfører unødig forureining av det ytre miljø. Desse måla skal gjelda for anlegget, og dei skal vera konkrete og dokumenterte, slik at ein veit om måla er nådde eller ikkje.

Merknad 2: Dieseltanken er ikkje omtala i beredskapsplanen

Kommentarar: Verksemda har beredskapsplan, men dieseltanken var ikkje tatt med i denne.

9. Andre tilhøve

Ved synfaringa ble det observert mulig forureining i bekk langs veitraséen ned til sjøen. Verksemda må finne ut kva dette er, kor det kjem frå og eventuelt sette inn tiltak for å stoppe tilførselen.

10. Bilde




Foto: Sissel Storebø